



Jan Erik Kolstad AS v/Jan Erik Kolstad  
Klubben 18  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/1814 - 15/12311

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
18.06.2015

## GBNR 26/31 - Førespurnad om bruk av næringslokale til bustader

### Mogleg ulovleg tilhøve – Førespurnad om utgreiing

Meland kommune viser til søknad om midlertidig bruksendring av næringsbygg for bruk til hybelutleige på gbnr 26/31 i Meland kommune. Søknaden er journalført i kommunen 25.3.2011, og brev med orientering om trong for tilleggsopplysningar vart sendt frå kommunen høvesvis 10.8.11 og 10.12.13. Kommunen sine brev vart ikkje besvart og søknaden er følgjeleg ikkje handsama. Likevel er kommunen merksam på at fleire personar har folkeregistrert adresse på Litlebergen 3 og 3B.

Alle byggjetiltak er avhengige av søknad og byggjeløyve, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1, med mindre tiltaket er omfatta av unntaksføresegnene i pbl. §§ 20-3 eller 20-4. Dette gjeld òg bruksendring. Dersom eit tiltak kjem i strid med gjeldande lov- eller plangrunnlag kan kommunen uansett ikkje godkjenne tiltaket utan naudsynt dispensasjon eller planendring, jf. høvesvis pbl. § 19-2 og pbl. kap. 11-12.

Kommuneadministrasjonen har førebels ikkje vore på synfaring på staden eller teke stilling til om det faktisk er sett i verk noko ulovleg byggjetiltak på gbnr 26/31, eller teke stilling til om bygget er ulovleg i bruk til bustad. Vi ber difor i denne omgang om dykkar tilbakemelding på om det bygget er bruksendra og om det er gjort søknadspliktige byggearbeid.

Frist for tilbakemelding blir sett til 15.7.2015.

Det vert orientert om at kommunen vurderer å iverksette undersøkingar med sikte på oppfølging av saka etter plan- og bygningslova kap 32 (ulovlige tiltak). Slik handasming er gebyrbelagt.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Jan Erik Kolstad AS v/Jan Erik  
Kolstad

Klubben 18

5914

ISDALSTØ